

Årsmelding for Pensjonistforbundet Indre Masfjorden 2022.

Dette året var det første med ordinær møteverksemd etter pandemien. Ingen særlege smitteverntiltak, og ingen ekstraordinære midlar frå statsforvaltaren. Me har hatt møta våre første fredag i månaden så langt det passar for oss, og Kinosalen er vorte møtelokalet vårt att slik det var før.

Årsmøtet vart halde 4. februar 2022. 18 medlemmer møtte.

Styret for 2022 vart slik.

Leiar:	Inger Jåstad: ikkje på val	2021 - 2022
Nestleiar:	Marita Kjetland: ikkje på val	2021 - 2022
Skrivar:	Torill Vågseth Kristoffersen	2022 – 2023
Kasserar:	Tordis Matre	2022 – 2023
Styremedlem:	Berit Dyrkolbotn	2022 – 2023
Varamedlem:	Reidun Kvamsdal	2022 – 2023
Varamedlem:	Øyvind Kristoffersen	2022 – 2023
Revisor:	Rognald Matre: ikkje på val	2021 – 2022

Årsmøtet vedtok også at laget skifter namn til Pensjonistforbundet Indre Masfjorden.

Medlemmer:

Pr. 31.12 2022 var me totalt 40 medlemmer. 39 har vore medlemmer i Pensjonistforbundet sentralt, 1 er lokallagsmedlem.

Medlemsmøte.

Me har hatt 6 medlemsmøte i kinosalen gjennom året. Til nokre av møta har me invitert inn folk utanifrå som har fortalt om ulike emne. Og det har vore stor spennvidde i innhaldet!

4. mars hadde me vitjing av Politiet. Orienteringa gjekk m.a. på organisering av polititenestene, svindelmetodar, trafikk.

1. april fortalde Svein Kvamsdal om tida si i FN-tenesta.

Anna aktivitet.

- Vi sender blomehelsingar til medlemmene kvart femte år frå og med 80årsdagen. I år har me sendt blomar til Kjellaug Eikemo, Magne Haugsvær, Anna Tverberg, Einar Tverberg, Kari Vågseth, Berit Dyrkolbotn.
- I år var det pensjonistforbundet som samla inn pengar til TVaksjonen. Berre positive svar hjå dei som blei spurde om å vere bøsseberarar.

Matredal, 21.01 2023

Inger Jåstad.

Rekneskap for pensjonistforbundet Indre Masfjorden

Driftsår 2022

	Rekneskap	Busjett 2023
Inntekt :		
Medlemspengar	kr. 4900	kr. 4200
Kulturmidlar	kr. 2000	kr. 2000
Jubeleumsgåver	kr. 3500	
Andre innbetalingar		kr 11800 frå konto
Medlemsmøter	kr. 9071	
<hr/>		
Sum inntekter	kr. 19471	kr. 18000
Utgifter:		
Blomar helsingar,m.m	kr. 2087	kr 3000
Admin.utgifter	kr. 5686	kr 5000
Høstkonferanse	kr. 1400	
Pensjonistfest indre fjord		kr 10000
<hr/>		
Sum utgifter:	kr. 9173	kr. 18000
Overskot kr. 10298		
Balanse		
Overført 1/1 2022	kr. 25459	Banken 31/12 2022 kr. 35751
Overskudd	kr. 10298	Kassa 31/12 2022 kr. 6
<hr/>		
Sum	kr. 35757	kr. 35757
<hr/>		

Kasserar:

Tordis Matre

Revisor:

Roquald Matre